

MØTEPROTOKOLL

Utval:	Personal og økonomiutvalet	
Møtestad:	kommunehuset	
Møtedato:	13.11.2008	Tid: 08:00-16.00
Møtedato:	14.11.2008	Tid: 08.00- 13.00

Innkalling til møtet vart gjort i samsvar med § 32 i kommunelova.

Sakslista vart sendt medlemene og varamedlemene (evt. dei to første varamedlemene på kvar valliste) i brev.

Møtet vart kunngjort i Samningen.

Av 5 medlemmer møtte 5, inkl. 0 varamenn:

Andre som var tilstade på møtet: Adm.sjef Tone Ramsli, ass.adm.sjef Hilde-Lill Våge og økonomisjef Nina Erdal.

Merknader:

Evt. merknader til protokollen må sendast Samnanger kommune innan 3 dagar.

Tysse, 17. november 2008

Marit A Aase
ordfører

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE:

Innkalling og saklista vart godkjent.

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE:

Protokollen vart godkjent.

UTVALET SITT KVARTER:

Bright Olav Gåsdal er medl. i Plassutvalet for idrettsanlegget. Han meiner det er behov for jamnlege møte i utvalet, og Gåsdal ber om at sekr. for utvalet; kulturkonsulent Johannes Tysseland kallar inn til møte, og at det vert laga ein møteplan.

MERKNADER TIL SKRIV OG MELDINGAR:

Leiar for teknisk eining har no klart utkast på avtale om **leige av kommunal kai**. PØ ber om at denne vert lagt fram for utvalet 1. desember med evt. godkjenning i kommunestyret 11.12.08.

Portal – Fleirtalet i utvalet sluttar seg til å ta imot portalen. Administrasjonen jobbar vidare med vegvesenet om plassering og med kunsthøgskulen om plassering og utsjånad. Midlar avsett til marknadsføring i 2008 skal nyttast til tiltaket.

Desse sakene vart handsama:

SAKSLISTE

Utvalgssakstype/nr.	Arkivsaksnr. Tittel
0052/08	08/00502 KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2009.
0053/08	08/00486 FASTSETJING AV RENOVASJONSAVGIFT BIR, NY PRISMODELL.
0054/08	08/00498 FESTEAVGIFT 2009.
0055/08	08/00257 BUDSJETT 2009.
0056/08	08/00504 ØKONOMIPLAN 2009 - 2012
0057/08	08/00307 LØNSFASTSETJING FOR ADMINISTRASJONSSJEF OG ASSISTERANDE ADMINISTRASJONSSJEF
0058/08	08/00510 REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2009

0052/08

KOMMUNALE AVGIFTER OG GEBYR FOR 2009.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdaal sette fram følgjande fellesframlegg;

”Kommunale avgifter og gebyr 2009

Satsane vert i hovudsak auka med 5%. For feiing, byggjesakshandsaming, oppmåling og delingssaker vert auken på 10%.

Billett basseng: Vaksne kr. 35,- (auke på kr. 5.)

Barn kr. 20,- (uendra)

Administrasjonen skal innan utgangen av første kvartal 2009 fremja sak om nytt og endra regulativ for byggje-, delings- og oppmålingssaker.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

&& Fyll inn handsaming av saken over denne linjen ↑

Vedtak:

Kommunale avgifter og gebyr 2009

Satsane vert i hovudsak auka med 5%. For feiing, byggjesakshandsaming, oppmåling og delingssaker vert auken på 10%.

Billett basseng: Vaksne kr. 35,- (auke på kr. 5.)

Barn kr. 20,- (uendra)

Administrasjonen skal innan utgangen av første kvartal fremja sak om nytt og endra regulativ for byggje-, delings- og oppmålingssaker.

0053/08

FASTSETJING AV RENOVASJONSAVGIFT BIR, NY PRISMODELL.

Handsaming i møte:

Fellesframlegg:

”Samnanger kommune sluttar seg til den vedlagte prismodellen for utrekning av renovasjonsgebyr.

Modellen vert teken i bruk for gebyrbereking i Samnanger kommune frå 1.1.2009 .

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2009 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2009 .

Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrer Samnanger kommune.

Gebynet for renovasjon vert sett til kr 1453 inkl. 12 tømningar, + eit tillegg på kr 25 pr restavfallstømming utover dette. Alle prisar er eks. mva.(som kjem i tillegg med 25%)”

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommune sluttar seg til den vedlagte prismodellen for utrekning av renovasjonsgebyr. Modellen vert teken i bruk for gebyrberekning i Samnanger kommune frå 1.1.2009 .

I medhald av lov av 13.03.1981 nr. 6 (Forureiningslova) § 34 vert avfallsgebyr for Samnanger kommune for 2009 fastsett i tilknytning til kommunen sitt budsjettvedtak for 2009 .

Vedtaket er i samsvar med framlagt forslag frå BIR Privat AS, jf. Forskrift for handtering av hushaldsavfall m.m. § 11.

Samnanger kommune vedtek at BIR Privat AS fakturerer og står for innkrevjing av avfallsgebyret på vegne av Samnanger kommune. Avfallsgebyret tilhøyrrer Samnanger kommune.

Gebynet for renovasjon vert sett til kr 1453 inkl. 12 tømningar, + eit tillegg på kr 25 pr restavfallstømming utover dette. Alle prisar er eks. mva.(som kjem i tillegg med 25%).

0054/08

FESTEAVGIFT 2009.

Handsaming i møte:

Fellesframlegg sett fram av Marit Aase:” Samnanger kommune sluttar seg til kyrkjestyret sitt framlegg som inneber at satsane vert foreslått auka med 30 kr pr år til 150,- kr for vanlege gravar og med 15 kr til kr 85,- for barnegraver i eige felt og at betalingsperioden vert endra frå 10 til 5 år. ”

Vedtak:

Festeavgifta i Samnanger kommune vert for 2009 fastsett til kr 150 pr. år for vanlege gravar og kr 85 for barnegraver i barnegravfeltet.

Betalingsperiodane for festeavgifta vert redusert frå 10 til 5 år.

0055/08

BUDSJETT 2009.

Framlegg til vedtak::

Administrasjonssjefen sitt framlegg til budsjett dagsett 03.11.2008 vert vedteke slik det ligg føre.

Handsaming i møte:**Driftsbudsjettet 2009**

Administrasjonssjefen har i saksutgreiinga varsla at taksering av eigedomar som grunnlag for eigedomsskatt skal førast i driftsbudsjettet og ikkje i investeringsbudsjettet.

Budsjettframlegget vart endra på dette punktet.

Utdanningsforbundet sitt skriv av 11.11.2008 med kommentarar til administrasjonssjefen sitt framlegg til budsjett på skuleområdet vart omtala.

Det er kome melding om at staten har gått attende til gamal ordning for fastsetting av eigedomsskattetakstgrunnlaget for kraftverk. Det inneber at Samnanger kommune får kr 868.000 meir i inntekter i 2009 enn det som er lagt til grunn i adm.sjefen sitt framlegg. Ut frå dette kom

Administrasjonssjefen med følgjande endringar i tilrådinga:

Skatteinntekter knt. 1.9000.8700.8740 auka med kr. 868.000.

Skule – forventa innsparing 2009 vert sett til 1.3 mill. knt 1.1200.1800.4903 ein reduksjon på kr. 500.000

Tilskot kyrkja (jmf. vedtak om festeavgift) knt.1.1500.1300.3900 auka med kr. 15.000

Vedlikehald –teknisk knt.1.1602.2610.2300 auka med kr. 100.000

Kulturplantiltak knt.1.1500.3850.4701 sett opp med kr. 103.000

Konsulent ekstrahjelp prosjekt knt. 1.1100.1200.0300 sett opp med kr 75.000

Avsett tilleggsøyving knt. 1.1200.1800.4900 auka med kr. 75.000

Utvalet gjekk i gjennom administrasjonssjefen sitt framlegg og drøfta dette.

Det vart røysta over tilleggstilrådinga frå adm.sjefen som vart samrøystes vedteke.

Fylgjande framlegg vart lagt fram og røysta over:

Brigt Olav Gåsdaal sette fram følgjande framlegg:

”Fritidstilbod/aktiviseringstilbod for funksjonshemma vert sett opp med kr. 75.000. Summen vert dekkja ved bruk av tilleggsøyvingar.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Eigedomsskatt-taksering

Utvalet vedtok med 3 mot 2 røyster å ikkje gjennomføra taksering av eigedomar i 2009.

Avsett sum til føremålet kr 700.000 vert ståande på likviditetsreserven.

Investeringsbudsjettet 2009:**Marit Aase sette fram følgjande framlegg:**

”Rehabilitering Kyrkja – bruk av rentefrie ”kyrkjelån”.

- Isolering kr. 300.000 (lån)
- Maling kr. 500.000 (næringsfond) (førast i driftsbudsjettet)

- Varmepumpe mm kr. 230.000 (lån)
- Vedlikehald kr. 200.000 (likviditetsreserven) (førast i driftsbudsjettet)
- Tot. kr 1.230.000

Rehabilitering Skulane – bruk av rentefrie ”skulelån”

- Maling Gjerde kr. 500.000 (drift) (som i adm.sjefen sitt framlegg)
- Toalett Nordbygda kr. 250.000 (lån)
- Gang Nordbygda kr. 100.000 (likviditetsreserven) (førast i driftsbudsjettet)
- Gymsal Gjerde kr. 50.000 (likviditetsreserven) (førast i driftsbudsjettet)
- Tot. kr 900.000

Det vart røysta over framlegga som vart samrøystes vedteke.

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

”Ny finansiering reiskapshus – kyrkja. Kr 500.000 vert flytta frå næringsfondet til lån.”
Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

”Planlegging/prosjektering øvre del i industriområdet Rolvsvåg kr. 500.000.
Ressurs til å føreta kartlegging av område for sal (kommunale eigedommar) kr. 500.000”
Finansiering
Sal av tomter øvre Steinsland kr 1.000.000.
Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Marit Aase sette fram følgjande framlegg:

”Plan marknadsføring kr. 250.000 (næringsfond)”
Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Røysting over drift – og investeringsbudsjettet for 2009:

Til slutt vart det røysta over driftsbudsjettet for 2009 slik det som ligg føre med vedtekne endringar. Dette vart samrøystes vedteke.
Deretter vart det røysta over investeringsbudsjettet for 2009 slik det ligg føre med vedtekne endringar. Dette vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Samnanger kommunestyre vedtek administrasjonssjefen sitt framlegg til drift og investeringsbudsjett for 2009 slik det ligg føre med følgjande endringar:

Driftsbudsjettet 2009:

- Skatteinntekter knt. 1.9000.8700.8740 vert auka med kr. 868.000.
- Skule – forventa innsparing 2009 vert sett til 1.3 mill. knt 1.1200.1800.4903 ein reduksjon på kr. 500.000
- Tilskot kyrkja (jmf. vedtak om festeavgift) knt.1.1500.1300.3900 auka med kr. 15.000
- Vedlikehald –teknisk knt.1.1602.2610.2300 auka med kr. 100.000
- Kulturplantiltak knt.1.1500.3850.4701 sett opp med kr. 103.000
- Konsulent ekstrahjelp prosjekt knt. 1.1100.1200.0300 sett opp med kr 75.000
- Avsett tilleggsøyving knt. 1.1200.1800.4900 auka med kr. 75.000
- Fritids-/aktiviseringstilbod for funksjonshemma vert sett opp med kr. 75.000. Summen vert dekkja ved bruk av tilleggsøyvingar.

- Det skal ikkje gjennomførast taksering av eigedomane i Samnanger som grunnlag i innføring av eigedomsskatt. Avsett sum til føremålet kr 700.000 vert ståande på likviditetsreserven.

Investeringsbudsjettet 2009:

Rehabilitering Kyrkja – bruk av rentefrie ”kyrkjelån”;

- Isolering kr. 300.000 (lån)
 - Maling kr. 500.000 (næringsfond)
 - Varmepumpe mm kr. 230.000 (lån)
 - Vedlikehald kr. 200.000 (likviditetsreserven)
- Tot. kr 1.230.000

Rehabilitering Skulane – bruk av rentefrie ”skulelån”;

- Maling Gjerde kr. 500.000 (drift)
 - Toalett Nordbygda kr. 250.000 (lån)
 - Gang Nordbygda kr. 100.000 (likviditetsreserven)
 - Gymsal Gjerde kr. 50.000 (likviditetsreserven)
- Tot. kr 900.000

Andre tiltak;

- Ny finansiering Reistadhus – kyrkja. Kr 500.000 vert flytta frå næringsfondet til lån
- Planlegging/prosjektering øvre del i industriområdet Rolvsvåg kr. 500.000. Ressurs til å føreta kartleggingar område for sal (kommunale eigedommar) kr. 500.000. Finansierte med sal av kommunale eigedommar.
- Plan marknadsføring kr. 250.000. Finansierte ved bruk av næringsfond.

0056/08

ØKONOMIPLAN 2009 - 2012

Handsaming i møte:

Personal- og økonomiutvalet ser det som føremålstenleg at ein for framtida handsamar økonomiplan i juni. Dette skal skje f.o.m. 2009.

Utvalet drøfta adm.sjefen sitt framlegg til økonomiplan for perioden 2009-2012.

Utvalet drøfta først inntekspotensiale for kommunen i økonomiplan- perioden.

Sidan utvalet røysta mot å innføra generell eigedomsskatt (jmf. årsbudsjett), måtte denne inntektskjelda – årleg 3 mill. kroner frå 2010 – takast ut av økonomiplanen. Dei andre inntektene vert ført opp på tilnærma same nivå som i 2009.

	2009	2010	2011	2012
Adm.sjefen sitt framlegg	0	-3 705 086	-7 366 886	-7 536 986
Personal- og økonomiutvalet	0	-1 705 086	-4 366 886	-4 536 986

Utvalet drøfta ulike tiltak som er spelt inn til diskusjonar i kommunestyret og andre utval og som inneber utgifter i framtida. I tillegg til dei mange tiltaka som er tekne med i førearbeidet til budsjettet ikkje minst innan vedlikehald, er det fleire relative store tiltak som er under

drøfting. I kulturplanen har me m.a. hall, i pleie- og omsorgsplanen har me utbygging av sjukeheimen og i plan for vaksne personar med nedsett funksjonsevne har me eit nytt senter for å nemna nokre av dei større tiltaka. Bruken av eksisterande kommunehus er eit anna stort tiltak som må finna si løysing snart. Arbeidet med gjennomgang av organisasjonen er heller ikkje slutført, og det er truleg at det her vert trekt konklusjonar som treng midlar for å verta gjennomførte. Sidan det i mange høve ikkje er trekt konklusjonar, valde personal- og økonomiutvalet å sette av dei udisponerte midlane på disposisjonsfondet.

Det inneber at det ikkje vert føreteke prioriteringar av tiltak ut over 2009. Det vil verta gjort i kommunestyret i juni 2009.

Personal- og økonomiutvalet fatta eit samrøystes vedtak om økonomiplanen.

Vedtak:

Personal- og økonomiutvalet ser det som føremålstenleg at ein for framtida handsamar økonomiplan i juni. Dette skal skje f.o.m. 2009.

Fylgjande økonomiplan vert gjort gjeldande:

	2008	2009	2010	2011	2012
Brukerbetalinger	-5 434 000	-5 922 000	-5 922 000	-5 922 000	-5 922 000
Andre salgs- og leieinntekter	-8 246 900	-9 033 800	-8 983 800	-9 059 436	-9 239 118
Overføringer med krav til motytelse	-11 368 515	-14 390 706	-14 290 706	-14 290 706	-14 290 706
Rammetilskudd	-38 300 000	-39 761 000	-40 161 000	-40 161 000	-40 161 000
Andre statlige overføringer	-3 528 500	-3 664 000	-3 553 000	-3 553 000	-3 553 000
Andre overføringer	-6 480 000	-8 780 000	-9 080 000	-9 080 000	-9 080 000
Skatt på inntekt og formue	-47 160 000	-51 446 000	-51 446 000	-51 446 000	-51 446 000
Eiendomsskatt	-8 552 000	-8 552 000	-9 368 000	-9 368 000	-9 368 000
Andre direkte og indirekte skatter	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000	-823 000
Sum driftsinntekter (B)	-129 892 915	-142 372 506	-143 627 506	-143 703 142	-143 882 824
Lønnsutgifter	72 020 793	76 876 927	76 811 195	76 811 195	76 811 195
Sosiale utgifter	21 016 547	21 961 761	21 955 341	21 955 341	21 955 341
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	16 360 184	20 031 127	18 336 627	18 345 627	18 354 627
Kjøp av varer og tejenester som erstatter komm tjprod	5 947 400	6 264 935	6 264 935	6 264 935	6 264 935
Overføringer	11 634 925	11 887 260	9 899 725	9 884 725	9 884 725
Avskrivninger	4 997 300	4 824 540	4 824 541	4 824 541	4 824 541
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0
Sum driftsutgifter (C)	131 977 149	141 846 550	138 092 364	138 086 364	138 095 364
Brutto driftsresultat (D=B-C)	2 084 234	-525 956	-5 535 142	-5 616 778	-5 787 460
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-1 773 000	-1 863 000	-1 663 000	-1 663 000	-1 663 000
Mottatte avdrag på utlån	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Sum eksterne finansinntekter (E)	-1 803 000	-1 893 000	-1 693 000	-1 693 000	-1 693 000

	2008	2009	2010	2011	2012
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	4 796 000	4 759 000	4 505 000	4 137 000	3 891 000
Avdragsutgifter	4 848 400	4 224 600	6 245 200	3 957 400	3 970 300
Utlån	30 000	30 000	30 000	30 000	30 000
Sum eksterne finansutgifter (F)	9 674 400	9 013 600	10 780 200	8 124 400	7 891 300
Resultat eksterne finansieringstransaksjoner	7 871 400	7 120 600	9 087 200	6 431 400	6 198 300
Motpost avskrivninger	-4 997 300	-4 996 857	-4 996 857	-4 996 857	-4 996 857
Netto driftsresultat (I)	4 958 334	1 597 787	-1 444 799	-4 182 235	-4 586 017
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-1 710 000	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-3 285 800	-20 500	0	0	0
Bruk av bundne fond	-974 534	-2 183 787	-1 176 787	-1 101 151	-867 469
Bruk av likviditesreserve	-1 096 000	-350 000	0	0	0
Sum bruk av avsetninger (J)	-7 066 334	-2 554 287	-1 176 787	-1 101 151	-867 469
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	1 200 000	60 000	1 725 086	4 386 886	4 556 986
Avsetninger til bundne fond	908 000	896 500	896 500	896 500	896 500
Avsetninger til likviditetsreserven	0	0	0	0	0
Sum avsetninger (K)	2 108 000	956 500	2 621 586	5 283 386	5 453 486
Regnskapsmessig mer- mindreforbruk	0	0	0	0	0

0057/08

LØNSFASTSETJING FOR ADMINISTRASJONSSJEF OG ASSISTERANDE ADMINISTRASJONSSJEF

Framlegg til vedtak:

####Saka vert lagt fram utan tilråding.

Handsaming i møte:

Bright Olav Gåsdaal sette fram følgjande framlegg: ” Lønnsfastsetting for adm.sjef og ass.adm.sjef. Adm.sjef får eit tillegg på kr. 34.000 - ny løn 580.000

Ass.adm.sjef får eit tillegg på kr. 32.000 – ny løn 557.000

Begge stillingane beheld kompensasjonstillegg på kr. 6.000 pr. år for ekstraarbeid /overtid, 7 ekstra fridagar pr. år og inntil 10 dagar løne permisjon pr. år til eigenutvikling og fagleg oppdatering.”

Det vart røysta over framlegget som vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Lønnsfastsetting for adm.sjef og ass.adm.sjef.

Adm.sjef får eit tillegg på kr. 34.000 - ny løn 580.000

Ass.adm.sjef får eit tillegg på kr. 32.000 – ny løn 557.000
Begge stillingane beheld kompensasjonstillegg på kr. 6.000 pr. år for ekstraarbeid /overtid,
7 ekstra fridagar pr. år og inntil 10 dagar løne permisjon pr. år til eigenutvikling og fagleg
oppdatering.

0058/08

REGULERING AV HUSLEIGA I KOMMUNALE BYGG 2009

Framlegg til vedtak::

Husleigene i dei kommunale bygga vert auka med ca 5 % frå 01.07.2009. Jmf. liste dagsett
10.11.2008.

Handsaming i møte:

Samrøystes vedteke.

Vedtak:

Husleigene i dei kommunale bygga vert auka med ca 5 % frå 01.07.2009. Jmf. liste dagsett
10.11.2008.